



Hindberg Simonsen,

Grasmyr

døde brått torsdag morgen føre jul. Driftig og foretaksom som vanlig hadde han nett vore ein tur til Trondheim i forretningshøve og kom att til Finnsnes med «Sigurd Jarl» om natta i 23 tida. Som det synte seg frisk og ferdig stod han i med å bringe reisetyet og ombord i ferga, kom på land på Silsand og fekk lasta tyet sitt på bilen som kjørde han heim til Tryggstad. Bilen stogga og ein tok til å lossa av kollyane nær stovedøra hans da han seig saman. Truleg hadde ikkje hjertet told maset og slitet med å handsama reisetyet!

Han vart boren inn i heimen sin der han døde i 10 tida om morgonen. Han var med sans og samling omlag heile tida han slokna.

Ved at Hindberg Simonsen no så brått fall frå mista Lenvik ein av sine driftigaste menn, hans virkefrong synte seg på ymse vis.

Han tok til — og fór i nokre år som fiskar, var så krambusvein og agent i fleire år, tok så til med kjøp og sal av fisk og sild. Dei siste 10-12 åra har han hatt kjøpmannshandel på Tryggstad, den garden som han rydja og dyrka opp til et fint lite bruk og bygde heimen sin på.

Hindberg Simonsen var son åt avlidne Simon Larsen, Grasmyr og kona. Han var gift med Sara, født Bomstad fra Mehamn. Dei har fleire barn. Ein av barna er mindreårig enno.

Hindberg Simonsen har hatt fleire kommunale og andre tillitsverv m.a. vore med i heradstyre, skolestyre, trygdenemda o.m.a. styrer. Han har og vore fiskevrakar og bløggingskontrollør.

Han var en mann som det no og då sto strid om — som jamnast kjørte han noko sterkt i veg når det var saker han ville få fram og gjennomføre. No, når han er borte, vært det likevel eit tomrom etter han.

Dei siste åra var Hindberg Simonsen sterkt religiøst interessert og var no representanten, Sigurd Larsens, varamann for Kristelige Folkeparti til Lenvik heradstyre.